



HJELMELAND
KOMMUNE

Bondeposten

1/2024 – 30. årgang

Jubileumsutgåve 😊



Godt nytt år!

Innhald

Produksjonstilskot 2023 og 2024	3
RMP 2023 – utbetaling	3
Avløysing ved sjukdom og fødsel – nytt i regelverket og auka satsar fom 1.1.2024	3
Tilskot til bygging av gjødsellager	3
Mjølkeproduksjon	4
Endring i reglar for sal og kjøp og disponering av mjølkekvote	4
Tilskot til investeringar i beitelag	4
Tilskot til drenering	4
Veterinæravtale	4
Kantsone langs vassdrag	4
Tilskot til vassmiljøtiltak i 2024	5
Skog	5
Aktivitet 2023	5
Jakt	5
Fellingsrapportar	5
Handlingsplan for landbruk 2024-2028	5
Kommunedelplan for byggeråstoff og massehandtering	6
Landbruksmøte 5.2.24 - «Kampen om areala»	7
Ny utdanning for landbruks- og reiselivsnæringa	7

Produksjonstilskot 2023 og 2024

Frist for etterregistrering av avløysarutgifter, fleire dyr heim frå utmarksbeite, sal av frukt og bær er **10. januar**.

I ordninga «avløysartilskot» kan ein bla få refundert utgifter til avløysing ein har kjøpt frå andre føretak. Dette skal vere arbeid knytt til husdyrproduksjonen på eit eller anna vis; stell av dyr, produksjon av fôr til dyr, og arbeid med bygg til dyr. For eksempel hevdakjøring, slått, og maling av driftsbygning. Du kan få refundert avløysarutgifter til arbeidsoppgåver som det ikkje er uvanleg at jordbrukaren sjølv utfører. Dvs. at du får IKKJE refundert utgifter til dyrlege, fostertelling, røyrleggar osv. Utgifter til avløysing i fruktproduksjon ol får ein heller ikkje dekka i samband med ferie og fritidsavløysing, avløysartenesta må være knytt til føretaket si husdyrdrift står det i kommentarrundskrivet til tilskotet.

Kostnad med arbeidet må vere spesifisert på faktura, ein får ikkje refundert utgifter til maskin og materiell. Så dersom fakturaen viser ein totalkostnad pr rundballe kan du ikkje få refusjon for utgiftene, og dersom her er ført timar for rundballing og timesatsen omfattar totalkostnad for både mann og maskin, så kan du heller ikkje få refundert utgiftene.

Meir om avløysartilskot finn du hjå [Landbruksdirektoratet](#).

Utbetaling av produksjonstilskot og avløysartilskot 2023 er i veke 7, utbetaling 14.2, pengar skal vere på konto 16.2. Klagefrist 3 veker.

Ny søknadsomgang 2024, 1. mars er teljedato for dyr, søknadsfrist 15. mars.

RMP 2023 – utbetaling

Utbetalinga skjer 14. mars. Tilskotsbrevet, vedtaket, kjem som regel litt før, tilgjengeleg i Altinn ein gong mellom 29.2 – 14.3. Du har 3 vekers klagefrist frå det tidspunktet du mottok vedtaksbrevet – melding om at du har vedtak i Altinn.

Det er viktig at du les vedtaket, og eventuelt nyttar deg av klageretten.

Avløysing ved sjukdom og fødsel – nytt i regelverket og auka satsar fom 1.1.2024

Maksimal dagsats for tilskot til avløysing ved sjukdom og fødsel aukar frå kr. 2100,- til kr 2450,- pr. dag frå 1. januar 2024. Dagsatsen har auka ein del dei to siste åra, og dermed er det fleire som kan få nytte av ordninga også etter dag 16 i sjukeperioden, når dagsats for sjukepengar frå NAV blir trekte frå.

Har du sjukt barn heime som treng pass, kan du nytte ordninga dersom du har dokumentasjon frå til dømes skule, barnehage, helsesøster mm som viser at barnet har vore heime pga sjukdom.

Tilskot til bygging av gjødsellager

Det er mogleg å søkje Innovasjon Norge om støtte til å bygge nytt gjødsellager. Kommunen kan og løyve SMIL-midlar til tak/dekke over eksisterande gjødsellager.



Nytt lager

Innovasjon Norge kan gi tilskot til å bygge nytt lager for husdyrgjødsel eller biorest, både med eller utan gjødselseparator. Du må søkje før du startar på arbeidet med å bygge.

For å få SMIL-tilskot til tak på gjødsellager må søkjar:

Ha ei drift som kvalifiserer for produksjonstilskot,
Nok lagerkapasitet for husdyrgjødsel til å oppfylle minstekrava i forskrift om organisk gjødsel, og velje takløyving av varig karakter tilpassa det aktuelle lageret.

Innovasjon Norge har òg tilskot til tak på eksisterande gjødsellager. Det er avgrensa med SMIL-midlar. Difor tilrår Statsforvaltaren å søke om tilskot til tak på gjødsellager via Innovasjon Norge. Viss søknaden til Innovasjon Norge ikkje vinn fram er SMIL eit alternativ.

Mjølkeproduksjon

Forholdstalet for 2024 er sett til 1,02.

Endring i reglar for sal og kjøp og disponering av mjølkekvote

Eigar av landbrukseigedom med grunnkvote kan selje heile eller delar av kvota. Endringar som følgje av jordbruksoppgeret i 2023 gjer det no mogleg å selje 100 prosent privat innanfor same produksjonsregion. Søknadsfrist 1. august.

Tilskot til investeringar i beitelag

Statsforvaltaren pleier kvart år sende ut melding til alle beitelaga om ordninga. Formålet med tilskotet er å legge til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusera tap av dyr på utmarksbeite og fremja fellestiltak i beiteområde. Søknadsfrist 15. mars.

I tillegg kan ein søkje om tilskot pr dyr slept på utmarksbeite i minst 6 veker i ordninga OBB, organisert beitebruk. Tilskotet er i 2023 på kr 25,- pr dyr. Det er mange fordelar med å vere organisert i eit beitalg, bla ulike tilskot, men aller mest i høve til praktisk arbeid med samarbeid i høve til tilsyn og sanking mm.

Tilskot til drenering

Jordbruksavtalen i 2023 auka satsane fom 1.7.2023. Skal du drenere, så søkt tilskot i god tid. Saksbehandlinga tek litt tid, og stort sett vert søknaden og sendt til Rogaland Fylkeskommune på høyring. Dersom du får tilskot så får du 3 år frist på å gjennomføre tiltaket. Her er lenke til [informasjon og søknadsskjema](#)

Satsane er inntil kr 4000,- pr da, eller kr 61,- pr meter grøft opp til maksimalt kr 4000,- pr da berørt areal.

Veterinæravtale

Det er nå framforhandla ein vaktavtale mellom dei aktuelle kommunane og dei 4 veterinærane som nå praktiserer i Austre Ryfylke veterinærdistrikt. Dette gir ei robust veterinærdekning 😊 Hjelmeland kommune er administrasjonskommune. God og stabil veterinærdekning er eit av måla i «Handlingsplan for landbruk» som blei vedtatt i kommunestyret 2.11.23.

Kantsone langs vassdrag

I følgje vassressurslova § 11 kantvegetasjon, SKAL det oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for planter og dyr.

I følgje forskrift om fysiske tiltak i vassdrag er det forbod mot å gjere tiltak i vassdrag utan løyve. Det gjeld bla fysiske tiltak som medføre eller kan medføre fare for forringing av produksjonsmoglegheiter

for fisk eller andre ferskvassorganismar.

Ein skal difor ikkje snauhogge kantsona langs vassdrag. Ein kan drive skjøtsel, ta ut enkelte tre mm.

Tilskot til vassmiljøtiltak i 2024

Har du eit prosjekt som kan bidra til forbetring av vassmiljøet eller til auka kunnskap om tilstanden i vassdrag. Eller ønskjer du å forbetre vasskvalitet eller økologisk tilstand i vassdrag som er prioritert i regional vassforvaltningsplan? Les meir om ordninga hjå [Rogaland Fylkeskommune](#) Søknadsfrist 21. februar.

Skog

Juletre og pyntegrønt reknast som ein del av skogbruket, sal av juletre og pyntegrønt rapporterast inn på lik linje som tømmer og meldast inn til Virkesdatabase (VSOP).

Du kan rapportere elektronisk via Altinn eller på papirskjema som sendes til kommunen.

Aktivitet 2023

Statistikk 2023	
Nyplanting	22 950 stk.
Ungskogpleie	409 daa
Markberedning	16 daa
Avvirkning gran	1 854 m ³
Avvirkning furu	6 744 m ³
Avvirkning lauv	433 m ³

Jakt

Fellingsrapportar

For dei som ikkje allereie har gjort det er det på tide å rapportera resultatet frå jakta på hjortevilt.

Alle valdansvarlege er pålagt å rapportera årleg fellingsresultat.

Fellingsrapportane skal vera kommunen i hende **seinast 14 dagar** etter jaktslutt.

Rapporten skal leverast elektronisk via hjorteviltregisteret.no, og ein kan finna rettleiing på korleis ein gjer dette på hjorteviltregisteret.no.

Det skal leverast fellingsrapport sjølv om det ikkje er skote dyr. (Me kan nemleg ikkje vita om manglande rapport skuldast 0 felte dyr, eller om valdansvarlege har gløymt å levera rapport.)



Handlingsplan for landbruk 2024-2028

Handlingsplanen blei vedtatt av kommunestyret 2.11.23. Vedtatt plan blir snart tilgjengeleg på kommunen si nettside. I handlingsplanen er her bla vedtatt ein del målsettingar:

Prioriterte målsetjingar:

1. Husdyrproduksjonen skal oppretthaldast med same volum som i dag. Mjølkeproduksjon og omlegging til krav om lausdrift skal prioriterast.
2. Veterinærdekninga skal vera stabil og god
3. Produksjonen av frukt og grønt skal auka.
4. Hjelmeland skal vera ein profilert matkommune
5. Areal- og ressursgrunnlaget for landbruket i Hjelmeland skal sikrast og vidareutviklast. Kommunen skal ha ein streng jordvernpraksis.

Målsetjingar i ikkje-prioritert rekkjefølgje:

- Rekruttering til næringa skal sikrast
- Tal mjølkebønder skal ikkje vera mindre enn 25
- Nasjonale mål for klimaomstilling i landbruket skal nås
- Bruk av utmarksbeite skal auka
- Produksjonsareala for skogen skal ivaretakast og gjenplantast etter hogst, og tilveksten skal aukast med 15 % frå 2006 nivå.
- Det skal søkjast samarbeid med landbruket om tilrettelegging for friluftsliv
- Fagmiljø skal oppretthaldast
- Eit variert og fint kulturlandskap der naturmangfaldet blir tatt omsyn til
- Kortare saksbehandlingstid ved søknadsbehandling
- Produksjonen av juletre skal auke
- Ressursgrunnlaget på gardsbruka skal nyttast til utvikling av tilleggsnæringar

Bondens Nettverk i Hjelmeland

Bonden har eit stort ansvar kvar einaste dag. For alle bønder kan det oppstå situasjonar eller enkelthendingar som kan vere vanskelege å handtere åleine. Det er ikkje uvanleg at ein mistar evna til å tenkje klart når ein er i ein vanskeleg situasjon, anten det er ei akutt krise eller ein belastande situasjon som tærer over tid. Det er nettopp det Bondens Nettverk kan hjelpa med; få oversikt og leggja ein plan for å normalisera situasjonen.

Ta kontakt anten du sjølv er i ein vanskeleg situasjon eller du er bekymra for nokon andre:

Anne Kari Skogerbø tlf. 404 39 126, Hjelmeland kommune, Landbruk

Anita Jensen tlf. 416 94 657, Norsk landbruksrådgiving

Sven Gil Westersjø tlf. 928 62 410, Hjelmeland Sau og Geit

Marta Ommundsen tlf. 404 39 076, Hjelmeland kommune, Helse

Gunnar Bø tlf. 934 01 147, Hjelmeland Bondelag

Tieplikta vil bli ivareteken. Det er heller ingen automatikk i at heile nettverket vil bli aktivert ved kontakt med ein av deltakarane.

Kommunedelplan for byggeråstoff og massehandtering

Arbeidet med å laga plan for byggeråstoff og massehandtering i Hjelmeland er i full gong.

Kommunestyret vedtok planprogrammet i november, og fram tom 21. januar er det råd å koma med innspel om område som ein ønskjer skal omfattast av planen. Det er laga eit eige [skjema](#) for dette.

Kommunestyret ynskta at planen også skulle omfatta uttak av fast fjell, altså pukk, i tillegg til grus og naturstein. Når eit planutkast er ferdig frå administrasjonen, vil det bli behandla politisk og sendt ut

på høyring. I den runden vert det lagt opp til informasjonsmøte i aktuelle bygder i kommunen. Følg med på kommunen sine nettsider, og ta gjerne kontakt med saksbehandlar kristine.eriksen.eia@hjemmeland.kommune.no

Landbruksmøte 5.2.24 - «Kampen om areala»

Hjemmeland samfunnshus kl. 19.30-21.30.

Landbruks- og matminister Geir Pollestad kjem. Han skal seie noko om kampen om landbruket sine areal. Her blir og innlegg frå Næringsforeininga v/Kjell Apeland – kva med næringslivet sine behov elles? Lokale innlegg – å brua dei areala me har.

Arrangørar: Hjemmeland kommune, Hjemmeland Bondelag, Hjemmeland Bonde- og småbrukarlag, Søre Ryfylke skogeigarlag.



Ny utdanning for landbruks- og reiselivsnæringa

Hausten 2024 kjem det ei ny fagskuleutdanning i Ryfylke. Utdanninga er på 60 studiepoeng, men det er planar om å byggje den ut med fleire emne til 120 studiepoeng.

Landbruk er ei viktig næring i Ryfylke og det er behov for eit utdanningstilbod både innan tradisjonelle landbruksemne og innan nye næringsveggar. Den siste tida har det vore ein aukande grad av produksjon av t.d. sider, vin og ost i Ryfylke – næringar som ligg tett opp mot reiselivet. Det er difor behov for meir kompetanse, både i forvaltinga og i produksjonen.

Utdanninga startar hausten 2024 og er eit modulbasert undervisningsopplegg. Søknadsfrist 15. april.

Det er [Fagskolen i Rogaland](#) og [Ryfylke IKS](#) som står bak utdanninga.

Les meir [om Grønt entreprenørskap for landbruk og reiseliv](#)

Kontaktpersonar hjå Ryfylke IKS:
Reidun Sandvik, 95171044
Einar Schibevaag, 91308972

